# Villreinfjellet som verdiskaper

- Referat frå møte i styringsgruppa 25.6.2019, kl. 08.00 – 09.30 (skype)

Til stade: Bjørn Laugaland, Margit Smeland, Ola Olsbu, Signe Sollien Haugå, Åshild Hus, Alf Odden, Guro Sødergren, Øystein Kristensen, Marianne Singsaas (referent)
Forfall: Ørnulf Haraldstad og Tor Arne Eiken.

## Sak 1. Søknad frå Fjellreinskulen om økonomisk støtte til informasjonsbu v/Jørn

*Bakgrunn*
Fjellreinskulen v/Tove Hertzberg og Ragnhild Bjåen har søkt verdiskapingsprosjektet om økonomisk støtte til å bygge ei mobil informasjonsbu i Hovden sentrum. Jamfør søknaden skal det vera ei ope galleri kor fastbuande og turistar kan oppleve kunst, og lokal kultur med grunnlag i kunnskap om villrien og villreinfjell. Av innhald vert nemnd informasjon om sårbart landskap og leveområde for villrein, forteljing, utstilling, kikkeboksar, samlingspunkt og involvering av barn- og unge. Fjellreinskulen ser føre seg at besøk skal vera gratis for besøkande, men også særskilte arrangement som folk betalar for.

Det vert søkt om kr. 140 000 eksklusive mva. Dette er kostnadar til materiell og bygging av bua. Utfyllande informasjon følgjer av søknad som ligg ved (vedlegg sak 1).

Fjellreinskulen er i dialog med Bykle kommune om plassering av informasjonsbua. For lett tilgang for publikum er det ein føresetnad at den vert plassert i sentrum på Hovden.

*Vurdering*
Det er særs positivt med lokale initiativ i høve til å drive ulike formar for formidling. Det økonomiske potensialet og forretningsideen er uklar, men tanken må vera å starte med noko i det små for så å utvikle dette vidare. Fjellreinskulen har tidlegare fått økonomisk støtte frå programmet Naturarven som verdiskapar, kr. 900 000. Dette til å bygge opp ei verksemd kring formidling av natur og kultur.

Tiltaket det her er tale om er ikkje direkte nemnd i prosjektbeskrivinga som lå til grunn for tildelinga frå Miljødirektoratet i 2017. Det byggjar likevel godt opp under dei strategiar og målsetninger som ligg til grunn i beskrivinga. Ikkje minst gjeld dette hovudstrategien som er; «*Gjennom tilrettelegging, formidling og informasjon utvikle villrein og villreinfjella til ein ressurs i lokalsamfunna. Hovudprosjekta er konkretisert med delprosjekt. I løpet av prosjektperioden skal det skje tiltak i dei kommunane som ønskjer det*». I ljos av dette bør initiativet frå Fjellreinskulen vera godt innanfor kva verdiskapingsprosjektet skal engasjere seg i.

<u>Midlar avsett i budsjettet</u>
Styringsgruppa har tidlegare etterlyst tiltak i verdiskapingsprosjektet som kan fremme økonomisk verdiskaping og støtte til aktørar som driv komersiell verksemd i og inn mot verneområda. Dette drøfta i møtet 25.11.2018 og 21.1.2019. I budsjettet for 2019 var kr. 300 000 sett av for ei slik satsing. Av desse var kr. 50 000 øyremerka foretningsidear og etablering av nye

POSTADRESSE:
POSTBOKS 24
N-4748 RYSSTAD

BESØKSADRESSE:

TELEFON:
95207083

E-POST: POST@SVR.NO
SAKSBEH: JØRN TRYGVE HAUG
WEB: WWW.SVR.NO

elev/ungdomsbedrifter under paraplyen Ungt entreprenørskap. Tanken vidare var å kunne støtte marknadsføring og produktutvikling hjå bedrifter som deltok på guidekurset (ref. sak 3 nedanfor)

Tidlegare og pågåande samarbeid med Fjellreinskulen
Verdiskapingsprosjektet (VSP) har så langt bidrege/nytta Fjellreinskulen til ulike tiltak. Dette gjeld:

- Økonomisk støtte til trykkig av brosjyre om verksemda – kr. 10 000 frå VSP
- Deltaking og stand på Røldalsmarknaden (ref. sak. 4 nedanfor)
- Arrangering av guidekurs på Bjåen 18. juni – kr. 12 000 frå VSP
- Praktisk opplegg for Bykle ungdomsskule på Bjåen etter ferien (veke 35) – kr. 30 000

Kopling til besøksstrategi for SVR
I besøksstrategien for SVR er Hovden vald ut som ein av til saman 14 innfallsportar til verneområda. To av tiltaka som er lista opp for Hovden inneheld mykje av det som nå Fjellreinskulen siktar seg inn på i høve til formidling.

Kva skal gjerast i offentleg regi og i privat regi
Det er tradisjon for at formidling av villrein og villreinfjell i første rekke skjer i offentleg regi, dvs verneområdestyre, kommune, villreinsenter mv. At også private aktørar vil bidra må vera positivt og kan sikre eit større mangfald i formidlinga. Det vesentlege må vera at alle aktørar er samkøyrde på bodskapen og at innhaldet er av god fagleg kvalitet.

*Konklusjon – framlegg til vedtak*
Styringsgruppa er positive til å bidra økonomisk til bygging av informasjonsbu på Hovden som omtala i søknaden frå Fjellreinskulen. Sidan tiltaket også har ei kopling til besøksstrategien for SVR er det naturleg med ei delt finansiering 50/50 mellom verdiskapingsprosjektet og tiltaksmidlar til besøksstrategien. Dette også grunngjeven med at av dei avsette kr. 300 000 til økonomisk verdiskaping i VSP må ein reikne med mykje skal nyttast til bedrifter som deltok på guidekurset nemnd i saka. Det vert understreka at tiltaksmidlar til SVR vert disponert av verneområdestyret i sin heilskap og at ein prioritering av desse midla først vil vera klar på nyåret 2020.

For løyving av 50% av kostnadane, dvs kr. 70 000 frå verdiskapingsprosjektet, gjeld følgjande vilkår:

- Bykle kommune er positive til tiltaket og det kjem til ei semje med Fjellreinskulen om plassering av informasjonsbua.
- Styringsgruppa legg vekt på høg fagleg kvalitet i formidling av tema villrein, villreinfjell og verneområde. Kvalitetssikring skal skje i samarbeid med forvaltningssekretariatet SVR og Norsk Villreinsenter sør på Skinnarbu.
- Styringsgruppa legg til grunn at den utan vederlag kan nytte delar av fomidlingsmaterialet ved seinare høve. Dette må skje i samråd med Fjellrenskulen.
- Pengane må nyttast innan utgongen av 2019.

*Styret vedtar bevilgningen med følgende tilleggspunkt:*
*Verdiskapingsprogrammet synliggjøres som bidragsyter, samt får mulighet til å komme med informasjon om egne tema.*

**Sak 2. Status for kontakt med bedrifter knytt til Ungt Entreprenørskap v/Alf**
Alf orienterte om framdriften.
Styret vedtok i vinter at man ønsket kontakt med ungt entreprenørskap. Man har hatt kontakt med Aleksander Lien i UE i Agderfylkene. Prosjektene må meldes inn ila høsten og konkurransen

kommer da først i 2020. I mindre skala kan villreinkonkurransen integreres i eksisterende opplegg, på 1-2 skoler i Valle/Bygland, med oppstart allerede i høst. Da som elevbedriftaktivitet mér enn konkurranse

*Vedtak:*
*Styret ønsker å kjøre konkurranse i egen regi rettet mot vgs og høyskole, evt. også ungdomsskuler. Alf lager konkurransegrunnlag og opplegg*

**Sk 3. Rapport frå guidekurs halden på Bjåen 18. juni 2019 v/Alf**
Alf orienterte om guidekurs avholdt 18. juni. Ideen er å bruke kulturminner og tradisjonsstoff knyttet til villrein i formidlingen, heller enn guiding på villrein. 13 deltagere med ulik sammensetning og geografisk spredning, men mest fra lokalområdet. Veldig flott ramme på Bjåen Fjellstue, og flinke innledere. Muntlig evaluering ble gjort, og man har fått de innspillene man trenger til å utvikle opplegget videre.

På kurset ble det informert om muligheten for å søke om økonomisk støtte for opplegg og markedsføring for de som deltok på kurset. Man ønsker å avholde to kurs neste år, ett i Vest-Agder og ett i Ryfylke.

**Sak 4. Rapport frå deltaking på Røldalsmarknaden 22-23 juni 2019 v/Guro**
Guro informerte. Sigrid Bjørgum og Bjørg Hellem deltok i samarbeid med Ragnhild Bjåen og Reidar Sandal. Over 200 tok quiz om villrein, ifm villreinsertifikatet Bykle kommune utvikler. Skal på Sirdalsdagene siste helga i august, Ryfylkedagene var første helga i juni, der deltok man ikke. Styret kom med innspill på at man ønsker deltakelse på Norsk frukt og laksefest, og på Vanderefestival. Det er laget et årshjul for de ulike arrangementene.

**Sak 5. Status arbeidsgruppe 4; Sti- og løypeplanar – adaptiv løypeforvaltning v/Øystein**
Øystein informerte. Ingen aktiviteter etter samlingen på Haukeliseter, men rapporten er snart ferdig. På temaet Tilrettelegging av eksisterende kunnskap har det ikke skjedd noe, men man må kalle inn til nytt møte der en avklarer mandat og grensegang, særlig mot gruppe 3, om kartinformasjon.
Jørn informerte om at det er avholdt et årlig møte i adaptiv løypeforvaltning, løypene ble ikke kjørt i år pga snøforhold. Man tenker fremdeles et treårig prøveprosjekt, med oppstart 2020.
Valle har meldt oppstart av nye stier.

*Styret ønsker at informasjon om støtteordningen for å stimulere kommuner som skal utarbeide sti- og løypeplaner blir sendt ut på nytt. Det er satt av 150.000 for 2019. Man forventer at maks to kommuner søker pr år.*

**Sak 5 Eventuelt.**
Jørn: Har hatt opplegg med Bygland og Åseral ungdomsskole i juni
Jørn: Det er avholdt naturlostur til Pytten, 25 deltagere, grunneier var med inn til Pytten